



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Frode Haugsvær Maskin AS
Austfjordvegen 2472
5981 MASFJORDNES

Dato: 22.07.2015
Vår ref: 14/01130-15
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Eidsnes næringspark gbnr. 244/41,45 og 55 i Lindås kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 40 50
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) syner til søknad om driftskonsesjon datert 23.12.2014 frå Frode Haugsvær Maskin AS.

1. Konsesjonen

Frode Haugsvær Maskin AS org. nr. 985442320, heretter kalla "Tiltakshavar" gis med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43. Tiltakshavar gis driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Eidsnes næringsområde på eigedomen 244/41,45 og 55 i Lindås kommune.

Driftskonsesjonsområdet har eit areal på om lag 100 dekar. Området er i reguleringsplanen for Eidsnes næringsområde, vedteke av Lindås kommunestyre 20.03.2013, regulert til kombinert byggje- og anleggsføremål.

2. Vilkår

Driftskonsesjonen gis med følgjande vilkår:

2.1 Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid skje i samsvar med driftsplan godkjend av DMF.

Dersom tiltakshavar ynskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal dette på førehand godkjennast av DMF.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar sendast inn når DMF finn det naudsynt.

2.2 Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavar vert pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 600 000,-, som beskrive i vedtakets punkt 5.11, for oppfyllinga av nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheten skal stillast med bankgaranti for eit grunnbeløp stort



NOK 300 000,-, og deretter årlege avsetnader til bankkonto som vert etablert pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavar ikkje kan råde over denne på noko vis, begge delar som beskrive i punkt 5.11.

Før oppstart av drift skal Tiltakshavar overfor DMF ha:

- (i) Inngått avtale om finansiell sikkerheit, sjå vedlegg;
- (ii) Framlagt ein påkravsgaranti frå bank som DMF ser som tilfredsstillande;
- (iii) Etablert pantet til fordel for DMF, jf. panteloven §§ 4-4 til 4-6.

2.3 Bergteknisk ansvarleg

Massetaket på Eidsnes skal til ei kvar tid ha ein bergteknisk ansvarleg.

Eit kvart skifte av bergteknisk ansvarleg for uttaket skal meldast skriftleg til DMF utan ugrunna opphold.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeve ut frå minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning eller konsesjon etter anna lovverk.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Eidsnes næringsområde. Godkjend versjon av driftsplanen er vedlagt dette konsesjonsdokumentet.

4. Høyring

Søknaden om driftskonsesjon har vore sendt på høyring jf. § 17 i forvaltningslova, til grunneigarar og andre kjende rettshavarar, bebuuarar, kommunen og statlege forvaltningsorgan.

Høyringsperioden var frå 22.05.2015 til 19.06.2015.

DMF har motteke fråsegn frå Advokatfirmaet WKS på vegner av Spectra Norge AS og Hordaland fylkeskommune.

Advokatfirmaet WKS (WKS)

WKS opplyser om at Spectra Norge AS (SN) er festar av gbnr. 244/36, festenr. 1 som er nabo til eigedomen der det er søkt om uttak av fjell. SN har sitt sentrallager for fyrverkeri på festeeigedomen. Festeeigedomen og sentrallageret er etablert med sikkerheitssone på 500 meter radius. WKS gjer merksam på at etter rekkefølgjekrava inntekte i føresegndene til reguleringssplanen for næringsområdet, kan det ikkje etablerast anna verksemde enn lager og verksemde med sporadisk aktivitet innanfor planområdet med mindre fyrverkerilageret er flytta til anna eigna stad utanfor planområdet.

WKS viser til at bakrunnen for ovannemnde rekkefølgjekrav er føresegndene i storulykkeforskrifta, FOR-2005-06-17-672. WKS antar at DMF som konsesjonsmyndighet i denne saka vil vere interessert i å få avklart om drifta samsvarer med storulykkeforskrifta, evt. om drifta krev dispensasjon etter same forskrift.

DMF: DMF føreset at tiltakshavar held seg til rekkefølgjekrava i føresegndene til reguleringssplanen for næringsområdet før uttaket av fjell blir starta opp.



Hordaland fylkeskommune (HF)

HF gjer merksam på at det ligg eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, og viser til vedteken reguleringsplan for næringsområdet der det blant anna er stilt følgjande vilkår:

"Før iverksetting av tiltak i høve til reguleringsplanen, skal det gjennomførast ei arkeologisk gransking av den råka automatisk freda kulturminnelokaliteten id 157799 i planområdet. Hordaland fylkeskommune skal kontaktas i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast."

HF rår i frå at DMF gjev driftskonsesjon for uttak av fjell i Eidsnes næringsområde før vilkår om arkeologisk gransking er gjennomført.

DMF: DMF føreset at tiltakshavar held seg til rekkefølgjekrava i føresegndene til reguleringsplanen for næringsområdet før uttaket av fjell blir starta opp. DMF finn derfor ikkje grunnlag for å vente med å gje driftskonsesjon til den arkeologiske granskinga er gjennomført.

5. DMF si vurdering

Minerallovas formål er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om en berekraftig utvikling.

Uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ i totalt uttaksvolum, og alt uttak av naturstein, krev ut frå minerallova § 43 driftskonsesjon frå DMF. Driftskonsesjon kan berre gis til den som har utvinningsrett.

Ein konsesjonssøknad skal underleggjast ei skjønnsmessig prøving før det avgjerast om driftskonsesjon skal gis. Ved vurderinga av om driftskonsesjon skal gis skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomensten. Dette inneber at det skal leggjast vekt på om prosjektet framstår som gjennomførbart økonomisk, om det leggjast opp til bergfagleg forsvarleg drift og om søker har tilstrekkeleg kompetanse for drift av førekomensten. Ved vurderinga av om det skal gis driftskonsesjon skal det og leggjast vekt på omsyna nemnd i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for en driftskonsesjon. Vurderingstemaet ved avgjerda av kva for vilkår som skal stillast, vil i stor grad falle saman med dei omsyn som er relevante ved vurderinga av om driftskonsesjon skal gis.

DMF har gjort følgjande vurdering av konsesjonssøknaden:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast høyrer til kategorien grunneigarars mineraler. Tiltakshavar er ikkje grunneigar til driftskonsesjonsområdet, og det krevjast derfor avtale med grunneigar om utvinningsrett til førekomensten. Tiltakshavar har i søknadsprosessen lagt fram avtale med grunneigar av gbnr. 244/41,45 og 55 som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gir Tiltakshavar utvinningsrett til førekomensten på det omsøkte driftskonsesjonsområdet i avtaleperioden.

DMFs vurdering er at Tiltakshavar har utvinningsrett til førekomensten.



5.2 Tiltakets arealmessige status

Driftskonsesjonsområdet har eit areal på ca. 100 dekar. Området er i reguleringsplanen for Eidsnes, vedteken av Lindås kommunestyre 20.03.2013, regulert til næringsområde.

5.3 Prosjektets økonomi

DMF har vurdert den vedlagte informasjonen om økonomien i prosjektet. DMF vurderer prosjektet å være økonomisk gjennomførbart.

5.4 Driftsplan

For å ivareta kravet om bergfagleg forsvarleg drift, finn DMF grunn til å ta inn som vilkår i driftskonsesjon at drifta til ei kvar tid skal skje i samsvar med driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavar i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument ved DMF sitt tilsyn i uttaksområdet.

Tiltakshavar har i samband med søknaden framlagt forslag til driftsplan for uttaket.

Driftsplanen er inndelt i to fasar, fase 1 og fase 2. I fase 1 vil uttaksområdet takast ned til kote + 3 med avtrapping mot omkringliggjande terrenge. I fase 2 vil uttaksområdet få skjeringar som vil måtte bli vurdert geoteknisk for å fastslå behovet for sikring. Etter avslutta uttak vil uttaksområdet bli nytta som næringsområde.

Det totale volum fast fjell som skal takast ut er estimert til om lag 1 mill m³. Årleg uttak er anslått til om lag 100 000 m³. Uttaket skal starte i fase 1 nærmast sjøen og eksisterande kai.

DMF si vurdering er at med dei innleverte justeringane kan driftsplanen for Eidsnes næringsområde godkjennast. Etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarlig drift. Versjonen som er lagt ved er den godkjende versjonen av driftsplanen.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på vilkår kunne gis opning for å gjere endringar og tilpassingar i forhold til planen. I tilfelle der Tiltakshavar ønsker å gjøre vesentlege avvik frå den til ei kvar tid gjeldande driftsplan, skal dette på førehånd godkjennast av DMF.

Undervegs i drifta vil DMF kunne ha behov for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer dagens situasjon i uttaksområdet og status i forhold til godkjend driftsplan. Det takast derfor inn som vilkår i driftskonsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavar setjar i verk ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar sendast inn når DMF finn det naudsynt.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta skal skje på ei bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må skje i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne type verksemد.



DMF vurderer forslått driftsmåte for uttaket av førekomensten som bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på kor komplisert drifta er og sjølve driftsplanen for uttaket.

5.6 Søkaren sin kompetanse for uttak av fjell og opparbeiding av næringsområdet

Ved vurderinga av om søker har tilstrekkeleg kompetanse, er det den totale kompetansen som søker har tilgang til som skal vurderast.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Søker driv blant anna med tomteopparbeiding for bustader og industriføremål. Søker har såleis erfaring i omsøkt verksemd. I følgje søknaden skal drifta i næringsområdet gå føre seg i samarbeid med Yeoman Halsvik AS som er storprodusent av pukk til ulike anleggstekniske føremål.

DMF si vurdering er at Tiltakshavar gjennom samarbeidet med Yeoman Halsvik AS har tilstrekkeleg kompetanse for uttak av fjell og opparbeiding av næringsområdet.

5.7 Miljømessige konsekvensar av utvinning

Ved vurderinga av om driftskonsesjon skal gis skal blant anna omsynet til miljøet leggjast vekt på og DMF kan i konsesjonsvedtak sette vilkår for å ta vare på miljøomsyn.

Reguleringsplanen for Eidsnes næringsområde er av nyare dato, og DMF vurderer at omsynet til naturmangfold, kulturminne og forureining er teke vare på gjennom reguleringsplanprosessen. DMF har ikkje motteke innspel om ny kunnskap og informasjon vedkomande naturmangfold, kulturminne eller forureining under høyringa av driftskonsesjonssøknaden.

DMF si vurdering er at det her ikkje ligg føre avgjerande moment mot at driftskonsesjon gis.

5.8 Forholdet til omgjevnadene og nærliggjande område under drift

Ved uttak av mineralførekommstar skal omsynet til omgjevnadene og nærliggjande område takast vare på. Det er derfor viktig at drivar gjennomfører uttaket på ein bergmessig forsvarleg måte og oppfører og vedlikeheld nødvendige sikringstiltak for å hindre eventuelle skadar på eigedom, menneske og husdyr.

Eidsnes næringsområde ligg i god avstand frå tett busetnad. DMF vurderer foreslått driftsmåte i næringsområdet som bergmessig forsvarleg og planlagt sikring sjåast på som tilfredsstillande.

DMF har vurdert at det ikkje ligg føre avgjerande moment mot at driftskonsesjon gis.

5.9 Tiltakets betydning for verdiskaping og næringsutvikling

Hovudformålet med tiltaket er opparbeiding av omsøkt område til næringsområde. Området ligg sentralt til i regionen og nært til sjø. Det er DMF si vurdering er at tiltaket vil kunne bidra til å skape ny næringsverksemd i lokalsamfunnet. Sjølve uttaket av fjell og produksjon av pukk kan og vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemd.



5.10 Langsiktig planlegging

DMF vurderer det slik at dei planar som ligg føre for etterbruk er tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment mot at driftskonsesjon gis.

5.11 Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavar har ikkje sett fram forslag til økonomisk sikkerheit, jf. § 2-1 i minerallova, men lagt fram ei erklæring frå ATR Eiendom AS der dei tar på seg ansvaret for permanent sikring av næringsområdet. Endeleg krav til den økonomiske sikkerheita vil bli fastsett av DMF.

5.11.1 Pålegg om økonomisk sikkerheit og vurdering av storleiken på sikkerheita

Erklæringa frå ATR Eiendom AS er ikkje tilfredsstillande når det gjeld krav til økonomisk sikkerheit.

DMF finn etter ei konkret vurdering av tiltaket at Tiltakshavar skal påleggas å stille finansiell sikkerheit med NOK 600 000,- for oppfylling av nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak etter minerallova §§ 49 Og 50, jf. minerallova § 51. Ved vurderinga av storleiken på sikkerheita har DMF lagt vekt på type uttak, grad av kompleksitet og lokal eigenskap av området. I tillegg har DMF lagt vekt på eigne erfaringstall for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne- og upårekna kostnader.

For nærmere informasjon om økonomisk sikkerheit og berekning av storleiken på den økonomiske sikkerheita syner DMF til "Rettleiar for økonomisk sikkerheit" som ligg på vår heimeside www.dirmin.no.

5.11.2 Form på sikkerheita

Forma på sikkerheita skal være slik at den ved konkurs hos Tiltakshavar ikkje vil inngå i konkursbuet jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det være hensiktsmessig at den økonomiske sikkerheita stilles ved bankgaranti og individuell fondsavsetning til bankkonto, som det etter eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etableras pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavar skal ikkje ha rådighet over slik bankkonto som skal sperras til fordel for DMF.

Bankgaranti – oppstartsfase

DMF vurderer at det er nødvendig at Tiltakshavar før oppstart av drift stiller ein bankgaranti som ein påkravsgaranti, som DMF finn tilfredsstillande, for eit beløp stort NOK 300.000,-. Dette for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i ein oppstartsfase før fondet har nådd maksimal avsetnad. Storleiken av bankgarantien er sett ut i frå ei vurdering av kva som kan vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremme krav under bankgarantien i følgjande tilfelle:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavars frist til å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som aksepterast av DMF;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavars verksemd; og
- (iii) Ved tilbakekall av konsesjonen.



Ved melding til garantisten om at eit av tilfella i punkt (i) – (iii) over ligg føre skal DMF ha rett til å få utbetalt det krav som gjerast gjeldande under bankgarantien, utan omsyn til innseining frå Tiltakshavar. Bankgarantien skal bestå så lenge beløpet inneståande på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300.000,-. Når beløpet inneståande på bankkontoen har nådd NOK 300.000,-, eller etter skriftleg samtykke frå DMF forut for dette tidspunkt, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetnad, avsetnadsperiode og storleiken på avsetnaden

Deretter skal Tiltakshavar gjøre årlege avsetnader til bankkontoen inntil totalbeløpet på NOK 600.000,- er nådd. Årlege innskot bereknes etterskotsvis ut frå førre års uttak av masse. Det skal årleg innbetalas NOK 0,30 pr tonn uttatt masse.

Ved fastsetting av sats pr tonn uttatt masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggas opp over ein periode på 8 år, dvs NOK 75 00 pr år. I søknaden er uttak anslått til 100 000 m³/år, som svarer til ca. 250 000 tonn/år, noe som gir ein årleg avsetnad på NOK 0,30 pr tonn.

Innbetaling for førre års uttak av masse må være avsett innan 1. februar etterfølgjande år.

5.11.3 Rapportering og dokumentasjon

Inneståande beløp på konto skal årleg dokumenteras ved å gi DMF tilgang til en oppdatert kontoutskrift. All avkastning på midlane godskrivas kontoen.

Vidare finn DMF behov for at Tiltakshavar undervegs i drifta vurderer om den eksisterande sikkerheita er tilstrekkeleg til å dekke kostnadene til sikring- og oppryddingstiltak, og gir DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom uttakets berekna driftsperiode vert endra, eller det skjer andre vesentlige endringar i driftsplanen, skal DMF underrettas straks. Elles skal tiltakshavar kvart femte år setje i verk ei vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er slutført, skal tiltakshavar utarbeide ein rapport som oversendes DMF utan unødig opphold.

DMF kan og ha behov for ytterlegere rapportering og dokumentering enn det som kjem fram over, og finn av den grunn nødvendig å pålegge Tiltakshavar plikter om dette i konsesjonsvilkår.

5.11.4 Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-3-første ledd andre punktum kan DMF fatte vedtak om endring av storleiken på avsetnaden, herunder om Tiltakshavars årlege innbetaling og tidspunkt for innbetaling. Slike endringar kan og til ei kvar tid skje ved endringar av minerallova, andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Orientering om plikter

Tiltakshavar har dei rettane og plikter som følgjer av den til ei kvar tid gjeldande minerallov med forskrifter. Nedanfor følgjer ei kortfatta utgreining for dei plikter som gjeld for tida.

Oppstart av drift kan være avhengig av løyve frå andre offentlege myndigheter, til dømes løyve etter forureiningslova. Tiltakshavar må sjølv avklare om andre løyve trengs.



DMF skal ha melding om oppstart av drift ut frå driftskonsesjonen. Slik melding skal gis seinast ei uke før oppstart, og ikkje før tre veker før oppstart. DMF skal også ha melding før mellombels opphøyr i drift eller leggas ned; sjå minerallova § 44.

Drifta skal utføres med varsemd slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig, og slik at arbeida ikkje fører til unødvendig forureining eller unødvendig skade på miljøet, jf. mineralloven § 48.

Tiltakshavar skal syte for forsvarlig opprydding av området mens arbeida går føre seg, jf. mineralloven § 50.

Tiltakshavar skal setje i verk og vedlikehalde sikringstiltak for heile området slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Drivar har tilsvarende sikringsplikt for gruveopningar, tipper og utlagde massar utanfor rettsområdet med tilknyting til området, jf. minerallova § 49.

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til:

- at drifta skjer på ein teknisk forsvarleg måte slik at omsynet til arbeidstakarane, nærliggande busetnad og omgjevnadene elles blir teke vare på
- at avbygginga av førekomensten skjer på ein bærekraftig måte
- at drifta til ei kvar tid skjer etter ein ajourført og godkjend driftsplan

Det skal årleg sendes driftsrapport til DMF. Rapporten skal minst opplyse om uttakets storleik siste år, tal på tilsette og omsetnad. Rapportering skal skje på fastsett skjema.

Driftskonsesjonen kan revideras etter 10 år, med mindre tidlegare revisjon er fastsett i punkt 1 ovanfor.

En driftskonsesjon bortfaller dersom drifta ikkje er sett i gang senast fem år etter at den ble gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. DMF kan forlenge fristen etter søknad.

Driftskonsesjon fell og bort dersom utvinningsretten slettes, avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral tar slutt, eller skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at løve til oreigning er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a.

Driftskonsesjonen kan ikkje avhendas. Avhending av utvinningsrett inneberer heller ingen avhending av driftskonsesjonen.

DMF kan pålegge tiltakshavar som legg ned uttak av grunneigars mineral å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale, dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse

Tiltakshavar skal sørge for forsvarleg opprydding av området etter at arbeida er avslutta. Området skal være varig sikra når arbeida avsluttas. DMF kan fastsette ein frist for når oppryddinga skal være avslutta.



7. Partsrett

Dette vedtaket kan påklages til departementet (NFD) i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VI. Fristen for å klage er tre veker etter at vedtaket kom fram. Klagen setjast fram for Direktoratet for mineralforvaltning.

På dei vilkår og med dei unntak som følgjer av forvaltningslova §§ 18 til 19, har tiltakshavar rett til å gjøre seg kjend med dokumenta i saka.

Med helsing

Thomas Furunes
seniorrådgiver

Børre Fiva
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Børre Fiva*

Vedlegg:

AVTALE OM FINANSIELL SIKKERHETSSTILLELSE Frode Haugsvær Maskin AS.docx
PANTSETTELSESERKLÆRING FOR ENKLE PENGEKRAV Frode Haugsvær Maskin AS.docx
Godkjent driftsplan.pdf

Mottakere:

Frode Haugsvær Maskin AS Austfjordvegen 2472 5981 MASFJORDNES

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914 ISDALSTØ
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Inger Elisabeth og Martin	Garnesvegen 21	5260 INDRE ARNA
Halland		
Vidar Nottveit	Eidsnesvegen 131	5913 EIKANGERVÅG
Spectra Norge AS	Postboks 2002 Nordnes	5817 BERGEN
Nordhordland Skogeierlag SA	c/o Sigvard Hopland Nesbrekkka	5912 SEIM
	2	
Nordhordland Maritime	Sandviksbodene 6	5035 BERGEN
Næringspark AS		